

## **Informasjon frå Utdanningsdirektoratet: Informasjon til foreldre med barn i skulen**

Før skulane vart stengde i Noreg vart det ikkje registrert noko kjent smittespreiing blant barn i barnehagar og barneskular. Samanlikna med vaksne er få barn identifiserte som smitta i Noreg og elles i verda. Barn og unge har så langt vist å ha svært låg risiko for å få alvorleg sjukdom med koronavirus. Risikoen er lågare enn for andre luftvegssjukdomar, som for eksempel influensa.

### **Det er trygt for barn å gå på skulen**

Skulane opnar no gradvis, og for å avgrense smitte har vi sett i gang fleire tiltak. I perioden framover er vi ekstra nøye med å sikre godt smittevern. Dette er avhengig av at vi alle gjer ein innsats og følgjer dei nye råda for smittevern. På skulen vil vi vere spesielt opptatt av å:

- vaske hender og lære elevane gode rutinar for handvask
- ha godt reinhald
- vaske utstyr jamleg, for eksempel nettbrett
- vere ekstra mykje ute med elevane, også i vanlege skuletimar og SFO
- ha undervisning og samlingar i mindre grupper
- halde god avstand til kvarandre

Vi skal framleis sørge for at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra.

### **Viss barnet ditt ikkje føler seg bra**

Ikkje møt på skulen eller SFO viss barnet ditt har symptom på sjukdom, dette gjeld også milde symptom. Det er ekstra viktig at barna held seg heime i minst eitt døgn etter at dei har blitt symptomfrie. Viss nokon andre heime har luftvegssymptom eller fått påvist koronaviruset, skal dei ikkje følgje barna til skulen.

Viss barna blir därleg på skulen, tar vi kontakt med foreldra. Barna må hentast eller gå heim frå skulen så fort som mogleg.

### **Foreldre skal helst ikkje bli med inn på skulen**

Vi prøver å ta imot barna ute og ønskjer at foreldre ikkje blir med inn på skulen eller i garderoben.

Handvask er like viktig heime som på skulen. Barna vaskar hendene før dei kjem på skulen, og med ein gong dei kjem heim.

Barna bør helst vere i lag med få andre barn på fritida og då gjerne leike ute.

### **Skuleskyss**

Viss elevane tar skulebuss må dei hugse å halde god avstand, både mens dei ventar på bussen og i bussen. Det same gjeld viss elevane tar annan transport til skulen. Skuleskyss og offentleg transport bør ein unngå viss det er mogleg.